

Notat

Frå: Fylkesrådmannen**Til:** Fylkesutvalet, møte 2.november 2016

Orientering til FU om at fylkeskommunen er saksøkt med krav om midlertidig sikring

I følgje delegeringsreglementet pkt. 3.33 skal FU ha ei orientering før hovudforhandlinga starter i saker der fylkeskommunen er saksøkt.

Eg vil no orientere om at fylkeskommunen er saksøkt av Nortekstil AS med krav om midlertidig sikring i form av at fylkeskommunen ikkje skal inngå avtale om kjøp av vaskeritenester med innstilt leverandør før hovudkravet er avgjort.

Hovudkravet er at fylkeskommunen skal ha avvist to leverandørar grunna mangelfull innsendt dokumentasjon for eit kvalifikasjonskrav. Kvalifikasjonskravet gjeld krav om å følgje ILO-konvensjon nr 138 og 182 (forbod mot barnearbeid) i framstilling av produkta som vert nytta i forbindelse med levering av varer og tenester. Dei aktuelle tilbydarane sende inn dokumentasjon frå nokre sentrale underleverandørar, men sende ikkje inn stadfesting som gjaldt heile produksjonslinja, slik dei skulle ha gjort. Fylkeskommunen meiner at den dokumentasjonen som dei aktuelle tilbydarane sende inn var såpass komplett at vi hadde rett til å be om supplering av denne dokumentasjonen i medhald av § 21-4:

«Oppdragsgiver kan anmode om at fremlagte attester og dokumenter vedrørende krav til leverandøren suppleres eller utdypes.»

Dette gjorde vi før val av tilbydar vart gjort, og tilbydarane ettersendte supplerande informasjon som gjorde at dei var kvalifiserte.

Konkuransen har ein verdi på 40 millionar kr ekskl. mva og er lyst ut på vegne av fylkeskommunen og 15 kommunar.

Det er ikkje beramma rettsmøte enda, men det er lagt opp til munnlege forhandlingar 31.10 i Sogn Tingrett.

Dette til FU si orientering.